



LANDBRUKSDIREKTORATET
Postboks 1450 Vika

0116 OSLO

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Lena Aakre Sjø	980 97 764	2022/3275-5		29.08.2022

Børnes tømmerkai - Tilleggssøknad om tilskotsmidlar

Viser til skissesøknad sendt 25.04.2022 om løyving på ein tilleggssøknad vedrørande utbygging av Børnes tømmerkai i Kvinnherad kommune.

Frå tidlegare har kaianlegget som kommunen eig saman med Søre Kvinnherad skogeigarlag fått ei løyving på 7 600 000 kroner av ein estimert byggekostnad på 9 575 000 kroner. Bakgrunn for tilleggssøknad er at det etter innkomne tilbod i konkurransen for utbygging av kaien viser seg at opprusting av kaianlegget blir betydeleg dyrare enn først estimert.

Bakgrunn for at tiltaket vart dyrare enn først estimert, er som omtala i skissesøknad grunna to høve. Ved innsending av første søknad var det valt ei løysing som ikkje omhandla riving av eksisterande kai. Undervegs i prosjekteringsfasen blei dette alternativet vurdert til å ikkje vera eit fullgodt alternativ, og det blei difor bestemt å gå vidare med eit alternativ som omhandla riving av eksisterande kai og bygging av ny tilsvarande kai. Tiltaket blei vidare lyst ut i ei tid prega av stor prisvekst i marknaden, noko som og har auka den totale utbyggingskostnaden. Den totale utbyggingskostnaden er rekna til kr. 15 722 446,- eks mva.

Status i prosjektet

Det er Byggservice AS som er entreprenør og står for utbygging av ny kai. Prosjektet hadde oppstart i midten av juni, og eksisterande kai blei riven før fellesferie. Planlagt framdrift i prosjektet legg opp til ferdigstilling av kaianlegget i januar/februar 2023.

Oppsummering

Skissesøknad sendt 25.04.2022 gjev dei opplysningar vi meina skal vera med i søknad, og fullstendig søknad her er difor noko kortfatta. Dersom det er informasjon eller presiseringar som manglar, ber vi om å få ei tilbakemelding på dette før søknadsfrist 01.09.2022.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Lena Aakre Sjø
Prosjektingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.